

Søknad om midlar til sikring av eldhus på Gripen gard, Holsnøy



Eldhuset på Gripen gard i Gripen, gnr 35, bnr 2, er eit viktig og spesielt hus, som ligg i tunet på Gripen gard. Nokon meiner delar av huset er frå 1500-talet, sidan det finst restar etter svalgang med utskjæring i huset. Eldhuset er ganske stort, og har loft. Det har fleire funksjonar; eldhus med korntørke, vedskjul, høsehus og utedo. På lemen er det to rom, eit lite der pipemuren går gjennom, og eit større. I likskap med alle andre bygningar på garden er eldhuset SEFRAK-registrert. Dessverre er registreringane som er utført av svært dårleg kvalitet, og inneheld mange feil.

SEFRAK-id: 12560202008, Objekt-id: 303860

Me søker om stønad til strakstiltak for å berge huset, slik at det kan bli vølt og sett i stand på tradisjonelt vis innan nokre år. Tiltaket me søker om er

1. Riving av taktekking og øydelagd takkonstruksjon, ny taktekking av bølgeblikk for å stanse lekkasjar til konstuktive element.
2. Sikring av eldhusomn, så ikkje heile omnen med mur og pipe rasar samene. Ei slik hending vil vere øydeleggjande for huset.
3. Tiltak for å stoppe utgliding av grunnmur.



Eldhuset sett frå tunet, dette er sørveggen. Bildet er teke før taket vart teken av storm i januar 2015. Her har vi skifta ut nokre veggbord, snekra nye dører og laga nye heilt enkle vindauge. Me brukte dei gamle heimesmidde hengslene til dei nye dørene. Listverket er og skifta . Me prioriterte maling i tillegg. Dette er berre tiltak som sorterar under»sminking av lik».



Tilstand 2015

Taket vart skifta ein gong på 80-90-talet, men berre på eine sida, mot vest. På andre sida ligg enno den gamle taktekinga ev enkeltkrumma, uglasert teglstein. Problemet er at undertaket er svært dårleg. Sidan takplatene vart teke av stormen tidlegare i år, er taket er inntil vidare tekt med presenning. Det har vore svært store nedbørsmengder i år, og mykje vind, og me har skifta presenning fleire gonger. Heilt tett klarar me ikkje å få det, så me har presenning liggande på loftsgolvet i tillegg. Etter store regnskurer går me opp på loftet og auser golvet. I tillegg set me alle dører opne når det er finvêr og vind, så det kan få tørke mest muleg innimellom dei våte slaga. Å halde gamle bygg i live kan vere arbeidssamt!



Vestfasade. Her er det trapp og dør til lemen. Her er bordkledning, vindskier og dør i svært dårlig stand. Natursteinsmuren er noko reparert.



Eldhusets nordvegg. Her rår forfallet sterkt. Taket, som er tekt med enkelkrum uglasert teglstein, står i fare for å rase saman når som helst. Denne fasaden har utvikla seg til eit konglomerat av tidlegare strakstiltak.



Eldhusets vestfasade ser trist ut med dårleg borkldning og vindskier. Muren har byrja å gli ut mot nord. Dette bør stoppast så fort som muleg.



Innvendig støtte for etasjeskilje mellom loft og hovudetasje.



Her har me støtta opp muren i den gamle eldhusomnen. Den rotne eikestokken må skiftast, men dette er ein jobb for profesjonelle . Dette er eit tiltak som hastar og som me meiner må gjerast så fort som muleg.



Pipemuren til eldhusomnen slik han går gjennom loftet.



Velfungerande utedo, framleis i bruk. Bak doen er det eit rom som har vore brukt til hønehus, med ei luke og hønestige ut på baksida.



Det store rommet på lemen. Her ser me innsida av platetaket. For å få feste til platene så dei ikkje bles vekk, har me festa lekter mellom platene og takbjelkane for å få spikarslag til feste for takplatene. For å tette hol i platene har me brukt silikon. Sidan bildet vart teke har stormen teke platene, og taket og golvet er tekt med presenning.

Tilstand 2017:

Sidan eg ikkje har kunne gjort noko med huset siste to åra, har forfallet kome endå lengre. Vind og vanninntrengjing gjorde at eg vart nøydd å rive delar av taket tidlegare i år. Me klarte å ta få ned det meste av taksteinane heile. Eg gjorde så nokre tiltak slik at eg kunne strekkje presenning over huset att, for å hindre at meir vatn kom inn. Eg har sett inn ei byggørke som står og går med litt varme heile tida, på vona om å begrense skadene.



Skildring av tiltaka.

Taket: Første steg vert å rive resten av eksisterande takteking, og nokre fleire taksperrer. Me vil prøve å ta resten av taksteinen heil ned, for lagring til seinare bruk. Aluminiumsplatene fjernast. Eksisterande takkonstruksjon må utbetrast slik at han kan bere ny takteking. Det er nødvendig å sikre konstruksjonen noko før me startar rivinga. Sperrene er så rotne at dei må skiftast for å kunne bere nytt tekke. Takås må og skiftast. Den nye taktekinga vil me i første omgang skal vere galvaniserte bølgeplater (bølgeblikk). Seinare vil me helst leggje oppatt uglasert enkeltkrum teglstien. (Dette har eg erfaring i frå ein anna prosjekt.) Me må dessverre ta ned noko av tømmeret og reisverket, fordi det er gjennomrote. Me skal ikkje fjerne meir enn nødvendig, og så erstatte det som er fjerna med tilsvarende nytt. Det må lagast nytt golv i bege etasjane. Når reisverk, tømmerveggjar og takkonstruksjon er på plass, vert det lagt stålplater på ei side og vonleg teglstein på den andre sida, mot tunet. Så vert arbeidet avslutta med vindskier og takrenner. Til takjobben trengs det mange hender, så eg kjem til å halde dugnad. Eg vil i tillegg hyre profesjonelle handverkarar til å hjelpe oss med å få til alt på rett vis. Alle HMS-krav vil bli fylgt, og me vil bruke stillas.

Eldhusomnen: Omnen står no oppstøtta med stokkar. Bryt omnen saman, vil omnen, muren og heile pipa kolapse. Skjer det vil det verte svært vanskeleg og kostbart og byggje opp att. Muren må støttast opp av fleire jarnstenger, og den rotne eikestokken må fjernast forsiktig og erstattast med ein kopi av liknande treslag.

Reisverk og tømmerveggjar: Etter som det no har gått noko tid, hastar det svært med å kome igang, samstundes som eksisterande treverk i eldhuset er vorte ytterlegre øydelagt, så me vert nøydd til å rive noko meir av dette enn me hadde tenkt. Eg har lagt over stadig nye presenningar, og måtte dessverre rive delar av taket i vinter, og presenning lagt over att. Det har likevel vore noko vassinntrengjing, og ein må vurdere etter kvart kor mykje me må ta vekk av treverk. I utgangspunktet vil eg fjerne så lite som muleg.

Grunnmuren: Det vert og noko murarbeid i tillegg for å sikra grunnmuren som held på å gli ut. Begge murarjobbane er svært krevjande og vanskeleg jobbar som me vil leige profesjonelle handverkarar til. Me har snakka med Haakon Aase, som er ein svært røynd steinmurar, og han vil gjere jobben. Alle HMS-krav vil bli fylgt.